

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
014/16	Plan- og miljøutvalet	PS	17.02.2016
026/16	Plan- og miljøutvalet	PS	16.03.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Benjamin Hicks	15/1768

Klage på dispensasjonsvedtak vedrørende etablering av veg - gbnr 133/86 Soltveit søndre

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om etablering av veg - gbnr 133/86 Soltveit søndre
Søknad om dispensasjon for etablering av veg - Gbnr 133/86 Soltveit søndre
Søknad om løyve i eitt-trinn gbnr 133/86 Soltveit søndre
Opplysningar om tiltakets ytre rammer
Nabovarsel med kvittering
Situasjonsplan
Teikningar - profil
Søknad om ansvarsrett
Gjennomføringsplan
Kopi av søknad til vegavdeling LKS
Skjøte
Orginal søknad- og avslagsbrev
Søknad om dispensasjon - GBNR 133/86 Soltveit søndre - strandsone
Søknad om dispensasjon - GBNR 133/86 Soltveit søndre - LNF
Vedr. søknad om dispensasjon - Gbnr. 13386 Soltveit søndre - veg
Vedr. søknad om dispensasjon - Gbnr 133/86 Soltveit søndre
Kart
Vedr. søknad om dispensasjon - Gbnr 133/86 Soltveit søndre
Uttale avkjørsle nr 2 frå kommunal veg - gbnr 13386

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune sitt vedtak datert 02.12.2015 vert oppretthaldt. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Klagen vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

.....

Plan- og miljøutvalet - 014/16

PM - behandling:

Framlegg frå Sæbjørg H. Kjeka-Krf:

Plan- og miljøutvalet utset saka og ber om synfaring.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

Plan- og miljøutvalet utset saka og ber om synfaring.

Plan- og miljøutvalet - 026/16**PM - behandling:**

Utvalet var på synfaring før møtet starta.

Framlegg frå Frp og H ved I.Fjeldsbø-H:

Plan- og miljøutvalet gjev klagar medhald i avslag på dispensasjonssøknad frå arealføremålet i kommuneplanen, vedrørande etablering av veg gbnr 133/86 Soltvedt Søndre.

Plan- og miljøutvalet meiner at framlagt løysing medfører eit begrensa terreng inngrep. Vegen vil ikkje kunna hindra ein evt.framtidig utvikling av areala i området. Det er ikkje komen inn klagar på tiltaket. Plan- og miljøutvalet kan heller ikkje sjå at tiltaket skapar presidens i området.

Framlegget fekk 4 røyster og fall (Frp og H)

PM - vedtak:

Lindås kommune sitt vedtak datert 02.12.2015 vert oppretthaldt. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Klagen vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Saksopplysningar:**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet.

Historikk:**Vedtak i sak 088/15 (02.12.2015):****PM - vedtak:**

Søknad om dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen (LNFR) og pbl § 1-8 (100 meters beltet mot sjø) for anlegg av veg vert avslått.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i § 11-6 og pbl § 1-8.

Bakgrunn

Eigar av gbnr 133/86 og 133/23 (Arve Olav Kjølraug) har klaga på plan- og miljøutvalets

vedtak i sak 165/15. Klagar søkte opphavleg om dispensasjon for å kunne bygge ny tilkomstveg fram til gbnr 133/86 (bustad) og 133/23 (fritidsbustad). Han ville i tillegg behalde dagens avkøyrslar til bustaden slik at denne får to avkøyrslar.

Vurdering

Klagar har opplyst at han trekker søknaden om to avkøyrslar til Gbnr 133/86. Han meiner at dette også medfører ein reduksjon av inngrep i terrenget.

Til klagen:

Klagar har i all hovudsak kome med fylgjande moment:

- Klagar meiner at framlagt løysing medfører «svært begrenset» terreng inngrep. Klagar opplyser at gbnr 133/23 ikkje har «vegrett til veg som administrasjonen har foreslått å benytte».
- Klagar meiner at eit positivt vedtak vil ikkje medføre presedens. Klager opplyser at «i området som fritidsboligen ligger i er det nå kun en fritidsbolig som blir benyttet som fritidsbolig. De andre er overtatt av personer som bor i området, og blir ikke benyttet som fritidsbolig.» Han har ein intensjon av å endre bruken av fritidsbustaden til bustadføre mål.
- Klagar seier at han er eigar av gbnr 133/5 og har ingen andre planer for dette området. Vegen vil soleis ikkje kune hindre ein framtidig utvikling av areala i området.

Kommunen kan opplyse at eigar av gbnr 133/5 har den 01.12.2015 søkt om frådeling av ein parsell på om lag 2200 m² til bustadtomt og tomt til naust på om lag 300 m². Vi vil også vise til at det er fleire fritidsbustader i området som ikkje har køyretilkomst i dag. Vi vil også vise til at administrasjonens alternative løysing gjeld ny veg over areal som klagar eig (gbnr 133/86 og 133/5).

Kommunen kan ikkje sjå at det er kome inn nye moment som skulle tilseie ei endring av tidlegare avgjerd.

.....